



Det er mykje aktivitet i Olden idrettslag, og styret ynskjer å gjere medlemmar og andre sambygdingar oppmerksom på kva som rører seg. IL posten går til alle i Olden og Oldedalen og styret sitt føremål med å blåse liv i IL posten igjen er eit håp om at dette vil auke medlemstalet. Pr. i dag har vi rundt 160 medlemmar. Medlemmar er viktige for idrettslaget då dette gjev auka inntekter både i form av kontingent samt tilskot ut ifrå medlemstal.

Olden IL består av følgjande grupper : Fotballgruppa, alpingruppa, friidrettsgruppa, Oldestafetten, idrettsskulen, fjelltrimgruppa, idrettsmerkegruppa og skigruppa – nordisk og basisball.

Olden IL har sidan 2011 arrangert motbakkeløpet **Skarsteinsetra opp**. Det er lik start mellom løpar og syklist, noko som gjev spanande duellar mellom desse. Trimklassen har god deltaking og dette bidreg til feststemning i målområdet. Dette arrangementet gjev idrettslaget gode inntekter. I fjor fekk komiteen inn 73.500 kr i sponsormidlar, og 19.850 kr i startkontingent. Olden IL oppfordrar fleire til å melde seg på dette motbakkeløpet. Årets Skarsteinsetra Opp er 8. september. – Set av datoen!



Foto: Arild Hafsås

Årets **Oldestafett** var nummer 64 i rekka. Stafetten har endra seg med tida og består no av klassane "gutar", "jenter", "open klasse", "veteran", "damer" og "herrar". Stafetten har også ein ministafett for born mellom 6-10 år. I år måtte stafetten flyttast ei helg fram p.g.a. at Holmenkollstafetten har endra helg. Dette førte til uvanleg mange stemnekollisjonar. Vi kan nemne handballturnering i Strynehallen, seriestart i aldersbestemt fotball og turnstemne. Det er meldt tilbake til arrangøren av Holmenkollstafetten at endring av tradisjonell dato får store konsekvensar for resten av idretts-Norge. Neste år vil vi ha Oldestafetten tilbake på siste søndagen i april som vi har hatt fast sidan 1985. Ut i frå desse omstenda seier arrangøren seg relativt godt nøgd med at 18 lag stilte opp. Sjå resultat på Olden IL si heimeside.

Styret i Olden IL jobbar for å få bygt ein **klatrepark** ved Olden skule. Vi er i gong å søkje midlar frå lag- og organisasjonar, samt privat næringsliv. Vi skal også søkje om spelemidlar. Klatreparken har ein kostnad på kr.667000. Meir informasjon om klatreparken vil kome på Olden IL si heimeside.

Bygging av Olden IL sitt **klubbhus/arenabygg** skal reisast ved nordenden av løpebana i forlenginga sørover frå Olden skule sin parkeringsplass. Storleiken er 144 m², 18 x 8m. Det skal m.a. innehalde lager for idrettsutstyr, sekretariat, møterom og eit styrketreningsrom på vel 60m². Bygginga startar over sommaren.

Olden har fleire talent innan **friidrett**. Friidrettsgruppa har hatt god deltaking, og flott innsats på arrangementa i Olden. På lagsmeisterskapa i 2017 deltok 12 innandørs og 20 utandørs. Dei har arrangert 2 løpskarusellar der 8 deltok på 1. løp, og 16 deltok på 2. løp. Dei har også vore med å arrangert Strynehalleikane der til saman 55 deltok. Frå Olden stilte 6 utøvarar som oppnådde fine resultat. Ein eller fleire utøvarar frå klubben har vore representert på fylgjande friidrettsstemner i 2017: Honndalsleikane, opent KM i Dimna, Panoramaleikane i Sykkylven, Tyrvinglekene i Bærum, KM på Byrkjelo, Florø friidrettsfestival, Nasjonalt stemne i Hyen, Loggane Open i Gloppen og Lerøy-leikane på Osterøy. Sjå treningstider og resultat på heimesida til Olden IL .

7 born frå Olden har delteke på fellestreningar i regi av **Alpingruppa** i sesongen 17/18. Oldarane har delteke på Even Hole Cup, KM i slalåm i Stryn, Telenorkarusellen og Grotlirenn 2018. Nokre av resultata ligg på Olden IL si heimeside. Jonas Henden Drageset hevdar seg i toppen (lokalt) i fleire renn. Han studerer ved Norges Toppidrettsgymnas på Lillehammer. Han deltok på NM i utfør Junior1 og fekk der ein 10. plass som sitt beste resultat. Han starta sesongen 18/19 på Gålå no den 29. april. Nye og etablerte medlemmar er hjarteleg velkomne!

29 born deltok på **idrettsskulen** i 2017. Dei har hatt varierte aktivitetar. Alt frå refleksleik, koordinasjonstrening, skileik, dans, turn, fotball m.m. Alt dette med mykje godt innslag av leik, noko som er viktig for denne aldersgruppa (5-10 år).

I 2017 var det 12656 besøkjande fordelt på dei 20 **fjelltrimpostane** vi har i Olden og Oldedalen, mot 17069 året før. Det er ein nedgang på 1158 turar frå i fjor. Anne Berit Bjørdal vann fjelltrimmen med 1972 poeng, deretter Liv Rygg med 2. plass og Anders Bruvoll på 3. plass. Registreringsskjema for fjelltrimpostane finn de på Olden IL si heimeside, samt på Bunnpris i Olden.

Idrettsmerkeprøvene vart halde over 3 dagar i september/oktober. 10 personar har avlagt prøver som stettar krava til idrettsmerke i 2017. Idrettsmerket kan takast frå ein er 16 år. Prøvene er ein fin måte å følgje med på på korleis eiga fysisk formutvikling er. Det er veldig kjekt om fleire deltek til hausten!

Fotballgruppa har i 2017 hatt ca. 30 unge lovande fotballspelarar. Dei trenar onsdagane på Alda stadion frå kl.18.00 til kl.19.15. Målgruppa er dei som startar i 1.klasse inneverande år, til og med 4.klasse. Dei deltek på 4 kongleriketurneringar i året.

Basisball kan du trene i gymsalen på Olden skule måndagar kl.20. Tilbodet forutsette medlemskap i Olden IL. I skuleferiar, desember og dagar gymsalen ikkje er tilgjengeleg vert det ikkje trening. Følg med på Olden IL si facebookside for å sjå om det vert trening.

Kvar haust arrangerer Olden IL **basar** i Aldaheim. Dette er eit viktig arrangement for laget med tanke på inntekter. I fjor fekk vi inn 36737 kr. Håpar mange tek turen til årets basar.

Oversikt over styremedlemmar i Olden idrettslag

Gruppe	Innv. År	Funksjon	Telefonnummer
<u>Hovudstyret</u>			
Martin Fredheim Klaesson	2017	Leiar	48187058
Leiv Arne Egset	2017	Nestleiar	97732331
Tove Kristin Vedlog	2012	Kasserer	99475532
Silje Opheim	2015	Sekretær	91114246
Randi Gjengedal	2016	Styremedlem	90024809
<u>Idrettsskulen</u>			
Silje Åsnes Skarstein	2018	Leiar	97112356
Therese Sunde	2018		
Fride Marie Sølvberg	2018		
Kristin Blindheim	2017		
<u>Fotballgruppa</u>			
Sondre Guddal Muri	2014	Leiar	95473070
Ragnvald Flåten	2011		
Frode Gjerde	2015		
Atta Mustafa	2018		
Bobbie Mangard	2017		
Patric	2017		
<u>Friidrettsgruppa</u>			
Mette Hansen	2013		
Sondre Guddal Muri	2015		95473070
Jostein Gjerde	2016		
Kari Alsaker	2018		
Caroline Lindvik Gjerde	2017		
<u>Skigruppa</u>			
Hans-Petter Galtung	1999	Leiar	90418186
Osvald Olsen	1999		
Roar Alsaker	2003		

<u>Alpingruppa</u>	Innv. År	Funksjon	Telefonnummer
Rune Fredheim	2017	Leiar	92806858
Andreas Drageset	2011		91176626
<u>Banenemd</u>			
Knut Alsaker	2016	Leiar	91329172
Daniel Brynestad	2018		
<u>Oldestafettnemd</u>			
Dagfinn Gytri	2000		91603607
Arne Sandnes	2008		
Rasmus Bruvoll	2018		
Geir Flåten	2017		
Pål Skarstein	2017		
<u>Idrettsmerkegruppa</u>			
Alvhild Flåten	2017	Leiar	91372629
Arne Muri	2009		
<u>Fjelltrimgruppa</u>			
Caroline Lindvik Gjerde	2015	Leiar	95406479
Anders Bruvoll	2003		
Osvald Olsen	2011		
Sissel Sunde	2015		
Hilde Gjerde	2017		
<u>Premieansvarleg</u>			
Leiv Arne Egset	2015		
<u>Valnemd</u>			
Veronica Sunde	2016	Leiar	41509583
Oddbjørg Muri	2017		
<u>Revisorar</u>			
Linda Alsaker	2017		91339419
Roar Alsaker	2017		

Med venleg helsing styret i Olden IL

www.oldenil.no